



Arkivnr: 2018/8045-2

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.09.18
Fylkesutvalet		19.09.18

## Omklassifisering av offentlege vegar i Bergen kommune

### Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av til saman *to/v* kommunale og fylkeskommunale vegstrekningar i Bergen kommune. Omklassifisering av dei aktuelle vegstrekningane vil:

- sikra einskapleg drift på strekningar med unaturlege skifte i vegeigarskap innan ei og same vegrute.
- rydda opp i vegstrekningar som i praksis har ein annan funksjon enn kva dagens vegeigarskapet tilseier.
- gi fylkeskommunen kontroll over drifta av vegane ved Nonneseter terminal og haldeplassen i Edvard Griegs veg (Danmarks plass).
- innebere ei istandsetting av både dei kommunale og fylkeskommunale vegane i denne saka.

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens vegvesen har i samarbeid jobba fram saka, som kommunen gjennom vedtak i byrådet har slutta seg til.

**Økonomi:** Kostnadar til påkravde utbetringar i samband med omklassifisering av fylkeskommunal veg bør innarbeidast i fylkesvegbudsjettet for 2019. Endringar i meter fylkesveg medfører endringar i rammetilskotet til fylkeskommunen, men også i drifts- og vedlikehaldskostnadar.

**Klima:** Omklassifiseringane har ingen innverknad på klimaet.

**Folkehelse:** Omklassifiseringane har ingen innverknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Det er ingen direkte samanheng mellom omklassifiseringssaka og mål og strategiar i Regional planstrategi 2016-2020.

### Forslag til innstilling

1. Følgjande vegar vert omklassifisert til fylkesveg
  - a. Håkonsgaten, frå Nøstegaten til Baneveien, og frå Baneveien til Teatergaten.
  - b. Chr. Michelsensgate, frå Markeveien til Jon Smørsgate.
  - c. Vincens Lunges gate/Østre Strømkaien.
  - d. Fabrikkgaten, frå Kanalveien til Inndalsveien.
  - e. Bjørnsons gate, frå Inndalsveien til St. Olavs vei, og St. Olavs vei frå Bjørnsons gate til Ibsens gate.
  - f. Edvard Griegsvei, fra Fjøsangerveien til Bjørnsons gate.
2. Følgjande vegar vert omklassifisert til kommunal veg
  - a. Fv.180 Søråshøgda.

- b. Fv.193 Brøstanesveien, vegarm Kjøkkelvikveien
  - c. Fv.194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet
  - d. Fv.194 Olsvikveien, vegarm Olsvikskjenet
  - e. Fv.235 Gullfjellsvegen.
  - f. Ft.555 Jonsvollsgaten – Nøstegaten, til kryss med fv. 555 Komediebakken.
- 3. Dei omklassifiserte vegane skal ha ein tilfredsstillande standard før formell ansvarsoverføring skjer.
  - 4. Kostnadar ved omklassifiseringane vert innarbeidd i fylkesvegbudsjettet for 2019.

Ingrid Holm Svendsen  
Kst.fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Omklassifisering av offentlige veier i Bergen kommune med vedlegg
- 2 Kostnadsoverslag for omklassifisering av vegar i Bergen

## Fylkesrådmannen, 22.08.2018

### Bakgrunn

Saka gjeld omklassifisering av til saman *to/v* kommunale og fylkeskommunale vegstrekningar i Bergen kommune. Seks av vegstrekningane gjeld omklassifisering frå kommunal veg til fylkesveg, og tilsvarande mange frå fylkesveg til kommunal veg. Det er administrativ semje i Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om å fremma omklassifisering av dei utvalde vegstrekningane som ei samla pakke. Vegane vert føreslått omklassifiserte på grunn av endringar i trafikkmønster og funksjon, samt for tilpassing av drift- og vedlikehaldsrutinar.

Statens vegvesen kom med framlegg til vedtak i saka (av 27. februar 2018), og har etter førespurnad frå fylkeskommunen utarbeidd eit kostnadsoverslag (dagsett 20. august 2018) for dei vegane fylkeskommunen må rusta opp før overlevering til kommunen.

Saka er på ingen måte ny. I tråd med veglova §7 sendte Statens vegvesen høyringsforslag til Bergen kommune, som gav uttale gjennom vedtak i byrådet 19. november 2015 (sak 1355-15). I vedtaket stettar byrådet omklassifisering av dei same vegstrekningane som vert føreslått omklassifisert i denne saka. Endeleg vedtak vert gjort av fylkesutvalet i Hordaland.

### Saksopplysingar

Nøyaktig detaljering av vegstrekningane si lokalisering og utstrekning kjem fram av vegvesenet si tilråding.

Vegvesenet og kommunen har gjennomført felles synfaringar, med kartlegging av kva tiltak som må verta gjennomført for å tilfredstillast krava i NA-rundskriv 97/13<sup>1</sup>. Dette er tekniske krav som skal sikra at omklassifisert veg held ein tilfredsstillande standard når den vert overført til ny vegeigar. I vedlegg til saka ligg notat frå synfaringar utført mellom mai 2016 og februar 2017. Kostnadsoverslaga for utbetringane fylkeskommunen vil måtta gjera er også lagt ved.

Bergen kommune stadfestar gjennom saksutgreiing og vedtak i byrådet (sak 1355-15) at dei vil ta desse kostnadane for dei kommunale vegane som er tenkt omklassifisert til fylkesveg. Tilsvarande vert det lagt til grunn at fylkeskommunen skal ta kostnadane med å rusta opp fylkesvegstrekningane som skal verta kommunale vegar.

Denne saka gjeld følgjande vegar:

#### *Frå kommunal veg til fylkesveg:*

5. Håkonsgaten, frå Nøstegaten til Baneveien, og frå Baneveien til Teatergaten.
6. Chr. Michelsensgate, frå Markeveien til Jon Smørsgate.
7. Vincens Lunges gate/Østre Strømkaien.
8. Fabrikkgaten, frå Kanalveien til Inndalsveien.
9. Bjørnsons gate, frå Inndalsveien til St. Olavs vei, og St. Olavs vei frå Bjørnsons gate til Ibsens gate.
10. Edvard Griegsvei, fra Fjøsangerveien til Bjørnsons gate.

#### *Frå fylkesveg til kommunal veg:*

11. Fv.180 Søråshøgda.
12. Fv.193 Brøstanesveien, vegarm Kjøkkelvikeveien
13. Fv.194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet
14. Fv.194 Olsvikveien, vegarm Olsvikskjenet
15. Fv.235 Gullfjellsvegen.
16. Ft.555 Jonsvollsgaten – Nøstegaten, til kryss med fv. 555 Komediebakken.

---

<sup>1</sup> NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

### Vurdering av omklassifisering

Statens vegvesen har ikkje gitt utdjupande kommentarar med grunngjeving til kvar einskild vegstrekning. Generelt vert som nemnt vegstrekningane fremma for omklassifisering då trafikkmønster og vegane sin funksjon har endra seg. Eit døme er vegstrekninga Jonsvollgaten - Nøstegaten fram til kryss med Komediebakken (per i dag fylkeskommunal), som har mista sin opphavlege funksjon etter omlegginga av Fv555. Jonsvollgaten er i etterkant opparbeida som ei gågate, og er no stengd for gjennomkøyring.

Vegvesenet peikar også på at omklassifisering vil sikra rasjonell drift på strekningane. Somme stader finn ein unaturlege skifte i vegeigarskap innan ei og same vegrute. Sidan kommunale vegar er kommunalt ansvar og vert drifta på andre kontraktar enn fylkes-, riks- og europaveg, vil ein i somme tilfelle kunne oppleve standardsprang på drift og vedlikehald på strekningar der det er ulogiske eller lite føremålstenlege skifte mellom driftsoperatørar/vegeigarar. Per i dag har kommunen eit anna driftsnivå og andre driftsstandardar enn fylket og staten. Ved omklassifisering vil ein lettare kunne sikra same driftsnivå på ei gitt vegrute. Ein reknar med at drifta også blir meir rasjonell når strekningane blir mindre oppstykkka. I denne saka gjeld det følgjande vegstrekningar, som per i dag er kommunale:

- Håkonsgaten (frå Nøstegaten til Baneveien, og frå Baneveien til Teatergaten)
- Chr. Michelsensgate (frå Markeveien til Jon Smørsgate)
- Fabrikkgaten, frå Kanalveien til Inndalsveien
- Bjørnsons gate (frå Inndalsveien til St. Olavs vei) og St. Olavs vei (frå Bjørnsons gate til Ibsens gate)

I saka vert det også føreslått omklassifisering av vegane knytt til busshaldeplassen i Edvard Griegs veg (Danmarks plass) og Nonneseter terminal (ved Bystasjonen). Dette gjeld følgjande vegar, som per i dag er kommunale:

- Edvard Griegsvei, fra Fjøsangerveien til Bjørnsons gate
- Vincens Lunges gate/Østre Strømkaien

Dei fleste vegstrekningane som vert føreslått omklassifisert frå fylkesveg til kommunal veg, er vegarmar som gir tilkomst til bustadområde i bydelane, og som ikkje vert nytta til gjennomkøyring. Dette gjeld:

- Fv.180 Søråshøgda.
- Fv.193 Brøstanesveien, vegarm Kjøkkelvikeveien
- Fv.194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet
- Fv.194 Olsvikveien, vegarm Olsvikskjenet

Ser ein til Samferdselsdepartementet sitt brev til fylkeskommunane av 26. mars 1985, som gjev retningslinjer for grensedragning mellom fylkeskommunale og kommunale vegar, står det følgjande om byer og storbyer:

*«Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samlevegar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene».*

Tilkomstvegar (nynorsk for adkomstveger) gir tilkomst til bustadområde, fritidsaktivitetar, industriområde eller liknande. Dette er lågaste nivå i funksjonsinndelinga av vegnettet, og skal etter definisjonane vera kommunal veg. Samlevegar bind saman bustadområde eller bydelar, og er bindeledd mellom tilkomstvegar og hovudvegar. Desse vegane har ein oppsamlings- og fordelingsfunksjon. Dei nemnte vegstrekningane er ikkje vurdert å inneha funksjonen til ein fylkesveg.

Fv235 Gullfjellsvegen går frå Unneland i Arna bydel og opp mot Gullfjellet. Det er lite og spreitt busetnad langs vegen opp til Osavatnet, om lag 300 m.o.h. Om grisgrendte område seier samferdselsdepartementet sitt brev følgjande:

*«Ein fylkesveg skal ha eit befolkningsgrunnlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning».*

Det er vanskeleg å sjå at Fv235 Gullfjellsvegen fyller ein slik funksjon, og bør såleis verta omklassifisert til kommunal veg.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen legg vekt på at omklassifiseringssaka er jobba fram i eit samarbeid med Bergen kommune og Statens vegvesen, og at byrådet i Bergen har gjort eit positivt vedtak. Om fylkesutvalet gir tilslutnad til omklassifisering av vegstrekningane i saka, vil det bidra til å forenkla drifta av vegnettet i Bergen, både for kommunen og fylkeskommunen. Omklassifisering vil gi betre samanheng i fylkesvegnettet og gi oss betre kontroll over vegdrifta på stader der me har store kollektivinteresser. Det følgjer nokre kostnader med omklassifiseringa, knytt til naudsynt istandsetting før kommunen kan overta vegstrekningane som ny eigar. Ut frå kostnadsoverslag rår Statens vegvesen til at det vert sett av ei ramme på inntil 12 mill. kr for tiltaka fylkeskommunen må gjennomføra. Det vert lagt til grunn at dette vert tatt opp i fylkesvegbudsjettet for 2019. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til framlegget frå Statens vegvesen.

Fylkesrådmannen ønskjer elles å nemna at «ryddejobben» Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Bergen kommune med denne saka har starta på vegnettet i kommunen, vert følgt opp med ei meir strategisk tilnærming i eit anna samarbeid mellom dei same partane. I eit pågåande arbeid ser ein på korleis drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar i Bergen kan verta betra, og omklassifisering vert truleg eit relevant tiltak.

#### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen rår til at vegstrekningane omtalt i saka vert omklassifisert i tråd med framlegget frå Statens vegvesen. Fylkesrådmannen føreset at vegstrekningane vert sett i stand av noverande vegeigar før overlevering til ny vegeigar, i tråd med veglova §7, siste ledd, og legg til grunn at fylkeskommunen sine forpliktingar vert tatt opp i fylkesvegbudsjettet for 2019.